



DET KONGELEGE  
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Høyringsinstansane

Dykkar ref

Vår ref

Dato

4. mars 2013

## Høyringsbrev

**Høyring – forslag til forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn 2013**

### 1. INNLEIING

Fiskeri- og kystdepartementet vil lyse ut inntil 45 løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure i 2013. Vedlagt (././.) er utkast til tildelingsforskrift.

Samanfatta omhandlar høyringsbrevet følgjande:

- Tildeling av inntil 30 løyve mot fast vederlag
- Tildeling av inntil 15 løyve etter lukka bodrunde
- Geografisk fordeling av løyva
- Søknadsprosessen
- Kriteria for tildeling

Frist for merknader er sett til **18. april 2013**. Fråsegnene skal sendast til Fiskeri- og kystdepartementet PB 8118 Dep, 0032 Oslo eller per e-post til [postmottak@fkf.dep.no](mailto:postmottak@fkf.dep.no).

Liste over adressatane er vedlagt. Vi ber om at instansane sjølve legg høyringsbrevet fram for eventuelt interesserte underliggjande etatar og organ.

## 2. BAKGRUNN

Løyve til havbruk med laks og aure vert tildelt gjennom tildelingsrundar. Det vil seie at ei avgrensa mengde løyve vert utlyst etter bestemte kriteria som regjeringa bestemmer.

Regjeringa la i Prop. S. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2012-2013) fram opplegget for tildelingsrunden i 2013. Tildelingsrunden har som mål å leggje til rette for ei berekraftig og konkurransedyktig næring som kan bidra til auka matproduksjon, aktivitet og verdiskaping langs kysten. Tildelinga skal stimulere til utvikling av nye teknologiske eller driftsmessige løysingar som legg til rette for å redusere miljøutfordringane i akvakulturnæringa, sjå § 1 i forskrifta. Særleg tek tildelingsrunden sikte på å medverke til å kommersialisere løysingar som er prøvde ut i praksis, forska på og funne å ha gode resultat med omsyn til miljø. For meir uprøva løysingar, finst det òg ei ordning med FOU-løyve. Desse vert løpande tildelt, og utan vederlag, etter søknad til Fiskeridirektoratet.

Havbruksnæringa i Noreg er sett saman av aktørar med ulik storleik og eigarstruktur. Det er ein styrke at havbruksnæringa har ein differensiert struktur med både små og mellomstore aktørar. Med denne tildelingsrunden ønskjer regjeringa å bidra til å halde oppe dette mangfaldet.

Som all annan matproduksjon har havbruk innverknad på miljøet, og løyve til havbruk inneber at myndigheitene godtek ein viss påverknad på det omliggande miljøet. Fiskeri- og kystdepartementet legg stor vekt på at denne påverknaden skal vere akseptabel, og at havbruksnæringa i alle tilfelle skal vere miljøforsvarleg. Regjeringa har i arbeidet med denne tildelingsrunden, når det gjeld formålet med tildelingsrunden, kriteria, talet på løyve og den geografiske fordelinga, lagt vekt på å stimulere til auka miljømessig innsats i næringa.

## 3. KORT OM FORSLAGET

Det tildeles inntil 45 løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure i 2013. 35 av dei krev innløyving av eit gjeldande løyve. Det vil seie at det vert to nye grønne løyve mot innlevering av eit gjeldande løyve.

### *Løyver i Troms og Finnmark*

20 av dei 35 skal tildelast i Troms og Finnmark til 10 mill. kr per løyve. For desse løyva er det eit krav at søkjar forpliktar seg til å ta i bruk teknologiske eller driftsmessige løysingar som, samanlikna med løysingar som er i alminneleg kommersiell bruk, reduserer miljøutfordringane ved at løysingane:

- gir redusert risiko for at akvakulturproduksjonen vil påverke vill laksefisk som følgje av rømming *eller*
- sikrar at det ikkje er meir enn 0,25 holus per fisk i anlegget, eller eit utslepp av lus tilsvarande eit slikt nivå. Det er ikkje tillate med meir enn 3 kjemiske behandlingar per produksjonssyklus.

Dersom det er fleire søknader som tilfredsstillar minimumskriteria enn talet på løyve vil dei søknadane som har størst potensial for samla miljøforbetring etter kriteriet ovanfor prioriterast. 5 av løyva i kvart av dei to fylka er øyremerkte mindre aktørar.

*Løyve tildelt i lukka bodrunde uavhengig av region*

15 av dei 35 løyva vert tildelt etter lukka bodrunde. For å delta i bodrunden må søknaden tilfredsstillast minst eit av kriteria ovanfor om lus eller rømming.

*Løyve tildelt utan krav om innløysing uavhengig av region*

10 løyve vert tildelt utan omgjerding av eksisterande løyve, til 10 mill. kr per løyve. For desse løyva er kriteria at søkjar forpliktar seg til å ta i bruk teknologiske eller driftsmessige løysingar som, samanlikna med løysingar som er i alminneleg kommersiell bruk, er *vesentleg* meir miljøvennlig ved at løysinga:

- gir vesentleg mindre risiko for at akvakulturproduksjonen vil påverke vill laksefisk som følgje av rømming, *eller*
- sikrar at det til einkvar tid er færre enn 0,1 holus av lakselus i gjennomsnitt per fisk, eller et utslipp av lus tilsvarande et slikt nivå. Grensa skal kunne overhaldast ved bruk av maksimalt 3 medikamentelle behandlingar mot lakselus per produksjonssyklus.

Dersom det er fleire søknader som tilfredsstillar minimumskriteria enn talet på løyve vil dei søknadane som har størst potensial for samla miljøforbetring etter kriteria ovanfor prioriterast.

4 mill. kr per løyve vert fordelt til den aktuelle fylkeskommuna.

*Vidare prosess*

Fiskeri- og kystdepartementet arbeider med å setje ned ei faggruppe. Oppgåva til faggruppa er å prioritere og avgjere kven som skal få løyve i fyrste instans. Departementet er klageinstans. Når forskrifta er fastsett vil Fiskeridirektoratet etter ein tid lyse ut løyva. Etter det blir det ei søknadsperiode. Vi tar sikte på at den blir tilstrekkeleg lang for at søkjar kan presentere gode søknader. Departementet har som ambisjon at førsteinstansbehandlinga i hovudsak ferdigstilles i løpet av året.

## **4. NÆRARE OM FORSLAGET**

### **4.1 Talet på løyve**

Fiskeri- og kystdepartementet tek sikte på å tildele 45 nye løyve i 2013 til oppdrett med laks, aure og regnbogeaure (heretter laksefisk). Løyva er avgrensa til 780 tonn maksimalt tillat biomasse (MTB), med unntak for løyve som vert tildelt i Troms og Finnmark. Her vert avgrensinga på 945 tonn MTB.

I utkastet er det ikkje lagt eit øvre tak for kor mange løyve ein søkjar kan tildelast. Omsynet til fordeling av løyve på fleire aktørar kan likevel tilseie at det bør innførast eit slikt tak. Formålet med forskrifta, å stimulere til utvikling av nye teknologiske eller driftsmessige løysingar som legg til rette for å redusere miljøutfordringane i akvakulturnæringa taler mot ei slik regulering. Departementet ønskjer høyringsinstansane sitt syn på dette.

Eit løyve til havbruk består av ein rett til produksjon av ein bestemt art i eit bestemt omfang på ein gitt lokalitet. Etter denne forskrifta får søkjar eit tilsegn om løyve. Eit tilsegn om løyve gjev ikkje rett til drift før det er knytt ein lokalitet til løyvet. Dette skjer gjennom å klarere ein ny lokalitet eller ved å knyte løyvet til ein eksisterande lokalitet. Eit tilsegn om løyve gjev ingen *rett* til å få utvida ein eksisterande lokalitet eller klarert ein ny, og departementet vil presisere at tilsegna heller ikkje kan tolkast som at slik klarering *vil verte gitt*. Klarering av nye og/eller utviding av eksisterande lokalitetar *vil følgje vanleg prosedyre* for denne typen søknader jf. omtale av prosedyren m.a. i Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) om lov om akvakultur.

Departementet viser til at det gjennom prosedyren ved klarering av nye og/eller utviding av eksisterande lokalitetar mellom anna vert teke omsyn til miljø, fiskehelse, fiskevelferd og areal, medrekna verneområde, friluftssinteresser, forureining, spreining av fiskesjukdommar og ville bestandar av sjøaure og laks. Dei aktuelle reglane finst blant anna i akvakulturlova, matlova og forureiningslova med tilhøyrande forskrifter. Meir om dette på [www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no), [www.mattilsynet.no](http://www.mattilsynet.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

## 4.2 Fordeling av løyve

Dei 45 løyva i denne runden vil verte tildelt etter konkurransetiltak i tre grupper, jf. forskrifta § 3. Same føresegn melder også kva delar av forskrifta som gjeld for kva gruppe:

- for gruppe A (Finnmark og Troms) gjeld kapittel I, II og V
- for gruppe B (open gruppe med lukka bodrunde) gjeld kapittel I, III og V
- for gruppe C, (open gruppe) gjeld kapittel I, IV og V

Som det klart går fram, gjeld kapittel I og V for alle gruppene. For kvar av dei tre gruppene gjeld at det er ulike kriterium, tildelingsmåte og/eller geografisk fordeling. Desse vil verte nærare omtalt nedanfor. For søkjar er det derfor viktig å setje seg nøye inn i kva delar av forskrifta som gjeld for dei ulike gruppene.

Det er ikkje sett avgrensingar på mengda grupper ein enkelt aktør kan søkje om løyve i.

### 4.3 Krav til søknaden

Forskrifta § 4 fastset at det skal vere ei offentleg utlysing av løyva, og at det er Fiskeridirektoratet som skal stå for utlysinga. Føresegna inneheld vidare minstekrav til sjølve utlysinga. Desse krava er av departementet vurdert som vesentlege for at interesserte søkjarar skal få tilstrekkeleg informasjon om søknadsprosessen. Dette gjeld blant anna kvar søknaden skal sendast og frist for å sende inn søknaden. Departementet tilrår bruk av rekommandert brev, faks eller elektronisk post når søknaden vert sendt inn, slik at det ligg føre dokumentasjon på om søknaden er levert før fristen går ut.

Forskrifta § 5 inneheld minimumskrav til søknaden. Etter § 5 fyrste ledd bokstav a skal søkjar melde kva gruppe søknaden gjeld, jf. forskrifta § 3. I § 5 fyrste ledd bokstav b er det meldt at søknaden skal innehalde opplysningar som er relevante i høve til prioriterings- eller prekvalifiseringskriteria. Det er søkjar sin dokumentasjon som er avgjerande for om søkjar vinn fram, og det er derfor vesentleg at søkjar legg ved ei grundig og god framstilling. Det er også presisert at det skal leggjast ved dokumentasjon på korleis myndigheitene og/eller tredjepart kan føre tilsyn med at den løysinga som er foreslått har den effekten som søkjer meiner den skal ha.

Søknadar som ved utløpet av søknadsfristen ikkje tilfredsstillir krava i føresegna, vil verte avviste av tildelingsmyndigheita, og søknaden skal derfor vere komplett ved søknadsfristen sitt utløp, jf. § 4 fyrste ledd bokstav c, som fastset at det ikkje er mogeleg å endre søknaden etter søknadsfristen. Faggruppa vil ikkje kontrollere opplysningane i søknaden eller realitetsbehandle han før fristen er ute. Denne føresegna må ein sjå i samheng med behovet for å kunne vurdere dei einskilde søknadene opp mot kvarandre, likskapssomsyn i konkurransen og omsynet til effektiv søknadshandsaming.

Søknaden skal vidare innehalde opplysningar om kva løyve som eventuelt skal løysast inn (jf. § 7 i forskrifta og pkt. 4.5 nedanfor) kvittering for innbetalt søknadsgebyr (sjå også forskrifta § 9) og dokumentasjon av økonomisk evne til å betale vederlaget (for eksempel tilsegn om lån frå bank).

### 4.4 Tildelingsmyndighet

Forskrifta § 6 fastset at løyva i denne tildelingsrunden skal verte tildelt av eit fagleg kollegialt organ (faggruppa), oppretta av Fiskeri- og kystdepartementet for formålet. Departementet vil utarbeide nærmare instruksar for faggruppa si verksemd.

Faggruppa sine medlemmer vil verte utnemnde av departementet og vil bestå av personar med særleg kompetanse på relevante område. Fiskeri- og kystdepartementet vil understreke at medlemene vil utnemnast på bakgrunn av fagleg kompetanse.

Faggruppa er å rekne som eit forvaltningsorgan, jf. forvaltningslova (fvl.) § 1, og forvaltningslova vil då gjelde for faggruppa si verksemd. Denne lova omhandlar blant

anna sakshandsamingsreglar og reglar om klage. Vi gjer oppmerksom på at forvaltningslova må tolkast i lys av at tildeling av løyve skjer etter konkurranse mellom profesjonelle aktørar innanfor eit særskilt tildelingsregime. Det medfør blant anna at forvaltninga si undersøkings- og opplysningsplikt vert innskrenka samanlikna med meir ordinære saker for forvaltninga, og at desse pliktene generelt er oppfylt gjennom forskrifta når den er vedteken, tilhøyrande merknader til forskrifta, utlysingsteksten og søknadsskjema.

Det følgjer av § 6 fyrste ledd siste punktum at departementet vil vere klageorgan. Klager skal likevel stilast til det organet som treffe vedtaket i fyrste instans, dvs. faggruppa, jf. fvl. § 32 fyrste ledd (a).

#### **4.5 Krav om innløysing**

For 35 av løyva (gruppe A og B), er det krav for å få tilsegn om løyve at eit noverande løyve i tillegg vert endra ved at det får same vilkår som det nye grøne. Reelt betyr det at søkjar vil sitje igjen med to nye grøne løyve for kvart løyve som vert løyst inn. Løyvet som vert løyst inn må vere eit ordinært kommersielt matfiskløyve til oppdrett med laks, aure og regnbogeaure. Kravet inneber at for å få tildelt løyve i gruppene A og B må ein allereie ha løyve til laks, aure og regnbogeaure.

Søkjar skal i søknaden opplyse om kva løyve som skal løysast inn, jf. forskrifta § 5 fyrste ledd bokstav c. Løyvet som skal løysast inn må liggje innanfor same region som det nye løyve skal etablerast i, ha same avgrensing i MTB og vere eit matfiskløyve til laks, aure og regnbogeaure. Det vil verte sett vilkår til begge dei nye løyva og vilkåra vil vere samsvarande.

I andre ledd foreslår departementet at vilkåra som setjast etter § 7 for det gjeldande løyvet trer i kraft to år etter vedtak om innløysing. Dette gjeld berre innløyste løyver. Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på denne tidsfristen.

#### **4.6 Gebyr for søknad**

Ved vanleg søknadsbehandling må søkjarane betale eit søknadsgebyr på kr 12 000,-, jf. forskrift av 21. desember 2001 nr. 1597 om gebyr og avgift i samband med havbruksverksemd § 2 første ledd. Departementet legg til grunn at dette også skal gjelde i denne tildelingsrunden, jf. utkastet til forskrift § 9. Søknadsgebyret utgjer ein svært liten del av kostnadane med å søkje og å få løyve, men kvar søknad vil påføre fiskerimyndigheitene ekstra arbeid.

#### **4.7 Vederlag og rett til drift**

I marknaden vert konsesjonar overdregne mellom aktørar mot betaling. Ei vederlagsfri tildeling av konsesjonsrettar som seinare kan omsetjast med stor forteneste, ville etter

departementet si oppfatning vere uheldig. Konesjonar for matfiskoppdrett av laks og aure gir ein verna rett til næringsutøving. Samstundes har det dei siste åra vore gode fortenestemoglegheiter innan lakse- og regnbogaureoppdrett, både for små og store selskap. Dette gir etter departementets oppfatning grunnlag for å krevje vederlag ved tildeling av nye konesjonar.

Fiskeri- og kystdepartementet meiner at det bør takast vederlag ved tildeling av nye konesjonar for matfiskoppdrett av laks, aure og regnbogaure. Det er rimeleg at fellesskapet får ein del av konesjonane sin reelle verdi. Krav om vederlag for tildeling vil sikre ei meir rettferdig fordeling av dei verdiane som ligg i sjølve konesjonane. Det er teke vederlag i alle tildelingsrunden sidan 2002, og dette bør verte vidareført i denne runden. Vederlaget går til staten, men 4 millionar kroner per løyve vil verte overført til den fylkeskommunen der løyvet vert etablert.

Det står i utkastet til forskrift § 8 kor stort vederlaget skal vere. Løyva i gruppe A og C vert tildelt mot eit fast vederlag på 10 millionar kroner. Løyva i gruppe B vert tildelt etter ei lukka bodrunde.

I § 5 i forslaget går det fram at sækjarar som vil delta i konkurransen må dokumentere økonomisk evne til å betale vederlaget til staten. Dette vil medverke til at berre dei som har tilstrekkeleg finansiering sækjer, og at saksbehandlinga vert meir effektiv. Det er i forskrifta § 13 stilt særskilde krav til framlegging av dokumentasjon for sæknader i gruppe B (lukka bodrunde).

Fristen for å betale vederlaget er 30 dagar, inkludert heilagdaggar, etter at endeleg tilsegn er gitt. "Endeleg tilsegn" betyr at klagebehandlinga i den aktuelle gruppa er ferdig. Den som får tilsegn vil få beskjed om dette når endeleg tilsegn føreligg.

Det går fram av § 8 tredje ledd at tilsegn om løyve gir rett til å sækje om lokalitetsklarering. Den som har fått tilsegn får rett til drift når lokalitetsklarring er gitt og løyve ligg føre. I lys av erfaringane etter tildelinga av løyve i 2009, der myndigheitene på bakgrunn av blant anna omsynet til innretting, i etterkant av tildelingsrunden tildelte fire tilleggsløyve til aktørar som miste tilsegna si i samband med klagebehandlinga i Fiskeridirektoratet, foreslår departementet no at løyvedokument ikkje skal skrivast ut før forvaltninga endeleg har avgjort eventuelle klager i den gruppa løyvet høyrer heime i.

## **4.8 Vilkår**

### **4.8.1 Fastsetjing av vilkår**

Det går fram av forskrifta § 10 at det skal setjast vilkår som medverkar til at dei kriteria som er avgjerande for tildelinga vert etterlevd. Som det går fram *skal* det setjast vilkår – tildelingsmyndigheita kan derfor ikkje la vere å setje vilkår. Dersom til dømes sækjar

vinn fram fordi løysinga inneber eit nullutslepp av lus, bør det setjast som vilkår at det ikkje kan sleppast ut lus frå anlegget. Vilkåra vil gjelde særskilt for det einskilde løyvet, og uavhengig av eigar. Det vil seie at dersom løyvet vert selt, vil vilkåra gjelde for ny eigar.

Det er viktig at formålet med tildelinga av løyva vert gjennomført i praksis, og at vilkåra som vert stilt i løyva så langt som mogeleg lèt seg kontrollere. På bakgrunn av dette ser departementet at det, litt avhengig av den løysinga søkjer forpliktar seg til å ta i bruk, kan det verte nødvendig å krevje eksempelvis forbod mot samlokalisering og samdrift, ev. at drifta skal skje i separate driftseiningar. I utgangspunktet legg departementet opp til at slike krav eventuelt vert stilt i samband med lokalitetsklareringen dersom dette er nødvendig, eller som særskilte vilkår i løyvet.

Eit spørsmål ved tildeling av løyve til ein mindre aktør, er om det skal setjast som vilkår at løyvet ikkje kan omsetjast til ein aktør som ikkje er ein "mindre aktør", og vidare kva som skal skje dersom innehavaren av eit grønt løyve fusjonerer eller vert fusjonert inn i eit anna selskap. Ein slik omsetningsklausul vil innskrenke marknaden som løyvet kan vidareselest i, og kanskje også verdien av løyvet. Ein eventuelt redusert verdi vil kunne redusere tilgangen på kapital for søkjar og/eller gi dyrare finansieringsvilkår. På den andre sida vil manglande vilkår på dette punktet mogeleggjere hurtig vidaresal til større aktørar - noko som reduserer verknaden av kriteriet. Samstundes er det nok framleis slik at *dei fleste* som søkjer om eit nytt løyve ønskjer å utnytte det sjølv. Vidare vil det skape fleire omsetningsklasser for akvakulturløyve. Departementet legg i utgangspunktet til grunn at det derfor ikkje bør settast eit slikt vilkår. Vi ber likevel om høyringsinstansane sitt syn på om det bør settast ein omsetningsklausul på dette punktet.

Eit sentralt formål med tildelinga av nye løyve er å stimulere til utvikling av nye teknologiske eller driftsmessige løysingar som legg til rette for å redusere miljøutfordringane i akvakulturnæringa. Erfaringane som vert hausta ved bruk av løysingane som vert tekne i bruk for å oppfylle kriteria kan vere viktige for å sikre ei vidare utvikling av havbruksnæringa. Det taler for at dei einskilde konsept bør vere ope tilgjengeleg for andre i næringa, og vidare at myndigheitene på sikt bør kunne stille krav til heile næringa i lys av dei erfaringane som vert oppnådd. På den andre sida trur departementet at fleire av løysingane som vil verte tekne i bruk vil kunne verte vurdert av den einskilde aktør som ein sterk konkurransefordel og som ein forretningsløyndom. Eit spørsmål for departementet er derfor om myndigheitene skal kunne påleggje den som vinn fram i tildelingsrunden å offetleggjere informasjon. Dersom styresmaktene stiller eit slikt vilkår vil allmenta få tilgang til viktige data, men på den andre sida kan det føre til at dei som ønskjer å verne om løysinga si ikkje vil søkje. Det må likevel takast med i vurderinga at det er mogeleg å oppnå immaterielt vern (i motsetning til ein strategi om hemmelegald) gjennom å få innvilga anten eit produkt- eller eit anvendelsespatent. Vi ber særleg om høyringsinstansane sitt syn på dette spørsmålet.



#### 4.8.2 Brot på vilkår

Det går fram av § 16 i forslaget, at Mattilsynet og Fiskeridirektoratet vil føre tilsyn med at vilkåra vert følgde av den som får tilsegn. Ved brot på vilkåra kan myndigheitene etter § 18 gi reaksjonar og sanksjonar, slik som pålegg, tvangsmulkt, lovbrotsgebyr og straff.

Fullstendig tilbaketrekking av løyve er eit inngripande tiltak, som må brukast med varsemd. For tilsynsstyresmaktene vil det derfor vere naturleg å bruke sanksjonar og reaksjonar før det vert aktuelt å vurdere tilbaketrekking av løyve. Slike reaksjonar har likevel ikkje noko formål dersom det er klart at innehavaren ikkje vil vere i stand til å oppfylle vilkåra. På grunn av dei grøne løyva sin særskilde karakter er oppfylling av vilkåra ein klar føresetnad for at ordninga skal virke etter sitt føremål.

I utkastet til forskrift § 18 foreslår departementet derfor at løyve kan trekkjast tilbake dersom vilkåra i løyve ikkje lèt seg realisere eller vilkåra ikkje er oppfylte innan rimeleg tid etter at tilsegn er gitt. Det kan for eksempel vere at innehavaren ikkje er i stand til å oppnå eit tilstrekkeleg lågt utsleppsnivå av lus. Kva som er *rimeleg* tid, vil blant anna måtte vurderast ut frå dei føresetnadene som følgjer av søknaden og vurderinga til tildelingsmyndigheita.

Før tilbaketrekking vil vere aktuelt, vil Fiskeridirektoratet gi førehandsvarsel, minimum 6 månader før tilbaketrekking er meint å finne stad. Fristen gir innehavar av løyve moglegheit til å områ seg og ev. å innfri vilkåra.

Eit alternativ for innehavar som ikkje klarer å oppfylle vilkåra vil også vere å selje løyve. Departementet vil i den samanheng presisere at akvakulturlova § 19 anna ledd fastset at myndigheitene sin mogelegheit til å bruke verkemiddel i lova er urørt av overføringshøvet, dette gjeld også føresegna om tilbaketrekking av løyve. Ny innehavar må derfor overhalde vilkåra satt i løyve og desse vil fullt ut gjelde for kjøper. Seljar sitt brot på vilkår satt i løyve vil soleis hefte ved løyvet, også etter overføring. I dette ligg at lova sine verkemiddel knytt til løyve kan brukast også etter overføring dersom vilkåra elles er til stades. For eksempel vil opptent passivitet hefte ved den einskilde retten også ved overføring til ny innehavar, slik at utløpsdato i utgangspunktet ikkje vert endra ved overføring. Det same gjeld førehandsvarsel om tilbaketrekking. Ein skal ikkje kunne unndra seg tilbaketrekking av løyve gjennom å overføre dette etter at varsel om tilbaketrekking er gitt.

Ovannemnde inneber at Fiskeridirektoratet, ved overføring av løyve etter at førehandsvarsel om tilbaketrekking er gitt, kan setje ein ny frist for tilbaketrekking overfor ny kjøpar. Det skal ikkje settast ny frist dersom kjøpar er ein del av same konsern som seljar. Dersom det er grunnlag for å endre fristen, bør fristutsettinga vere

kort, då det *skal* leggjast til grunn at ein kjøpar har tilgjengeleg tilstrekkelege verkemiddel til å overhalde vilkåra som er sett i løyve.

Ved tilbaketrekking av løyve etter § 20, jf. akvakulturlova § 9, vil innehavar av løyve ikkje få tilbakeført vederlaget, jf. 8 fjerde ledd. Eit løyve som er trekt tilbake vil ikkje verte tildelt på nytt. Løyve som er omgjorde i etter § 7 (løyve som er innløyst), vert omgjorde til ordinære løyve.

## **5. TILDELING AV LØYVE I TROMS OG FINNMARK**

### **5.1 Innleiing**

Av § 8 går det fram det at det kan tildelast inntil 10 løyve i Finnmark og 10 løyve i Troms. Løyva vil verte tildelt etter ein konkurranse med minimumskriterium, der dei som oppfyller kriteria best etter ei samla vurdering vinn fram. At det kan tildelast *inntil 10* løyve i kvart av fylka betyr at tildelingsmyndigheita ikkje må tildele alle løyva. Mengda løyve som skal tildelast vil vere avhengige av om det er nok søkjarar som tilfredsstillar minimumskriteria som går fram av tredje ledd i føresegna. Departementet gjer oppmerksom på at eventuelle overskytande løyve ikkje vil verte tildelt i ein annan av Fiskeridirektoratet sine regionar.

### **5.2 Mindre aktør**

Av andre ledd går det fram at fem av løyva i Finnmark og fem av løyva i Troms er øyremerkte mindre aktørar i næringa. Formålet med kriteriet er å styrkje slike verksemdar innanfor havbruksnæringa, og dermed medverke til å halde oppe ein variert eigarstruktur.

Ein "aktør" er i denne samanhengen ein søkjar og selskapet til søkjaren. Dersom selskapet er ein del av eit konsern, er det konsernet som vert rekna som "aktør". Difor må ein opplyse i søknaden om ein tilhøyrrer noko konsern. Kva som utgjer eit konsern følgjer av rekneskapslova § 1-3. Det er presisert i føresegna at det berre er aktøren sine løyve til laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn som skal takast med i vurderinga.

"Mindre aktørar" skal i forskrifta sin forstand tolkast som det som vert kalla små og mellomstore selskap i "Lønnsomhetsundersøkelse for matfiskproduksjon, laks og regnbueørret" utgitt av Fiskeridirektoratet i 2011, dvs. aktørar med 1 til og med 19 løyve til oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure.

Kriteriet om "mindre aktør" inneber at det reelt sett vil vere to konkurransar i Finnmark, ein der alle kan delta og ein for mindre aktørar. Om ikkje alle løyva til dei mindre aktørane vert tildelt, kan dei resterande gå til større aktørar, jf. § 11 andre ledd siste punktum.

Kravet om innløysing av eit løyve, sjå § 7 og punkt 4.5 ovanfor, inneber vidare at søkjar må vere ein noverande aktør i næringa og ha eit løyve til oppdrett med laks, aure og regnbogeare.

### 5.3 Kriteria

#### 5.3.1 Innleiing

Formålet med utforminga av kriteria i § 8 tredje ledd er å stimulere til utvikling av nye teknologiske eller driftsmessige løysingar som legg til rette for å redusere miljøutfordringane i havbruksnæringa. Miljøutfordringane i havbruksnæringa er no (på kort og mellomlang sikt) særleg knytta til rømming og lakselus, og kriteria adresserer dette. Kriteria er meinte å vere teknologinøytrale, slik at ikkje forvaltninga legg føringar på kva løysingar som kan foreslåast. Kriteria er såleis utforma som effektkrav.

Forskrift 16. august 2011 nr. 849 om krav til teknisk standard for flytende akvakulturanlegg (NYTEK-forskrifta) skal medverke til å førebyggje rømming av fisk frå flytande akvakulturanlegg gjennom å sikre forsvarleg teknisk standard på anlegga. Forslag til tekniske løysingar som kan medverke til å redusere risiko for genetisk påverknad frå rømd oppdrettslaks eller lakselus må overhalde krava i NYTEK-forskrifta. Forskrifta er utforma på ein teknologinøytral måte og er utforma slik at den også skal fungere ved utradisjonelt utstyr. NYTEK er fundamentet for teknisk tryggleik og eit viktig verkemiddel for å hindre rømming av fisk. Den inneheld tilstrekkeleg spenn til også å handtere komponentar som vi i dag ikkje har kunnskap om, slik at innovasjonen i næringa ikkje skal bli skadelidande. Dette er vareteke i §13 fjerde ledd:

*”Hovedkomponenter som vanskelig lar seg sertifisere etter NS-9415:2009 skal ha produktsertifikat med samme sikkerhetsnivå som NS9415: 2009 eller bedre.”*

Departementet ber likevel om høyringsinstansene sitt syn på om det bør opnast for unnatak frå krava i forskrifta.

Den løysinga søker forpliktar seg til å bruke må også tilfredsstille andre krav. Dette gjeld for eksempel dokumentasjon på om løysinga varetek omsynet til fiskevelferd, jf. § 20 andre ledd i akvakulturdriftsforskrifta. Dette omsynet vert vareteke gjennom lokalitetsklareringa, og vi gjer merksam på at tilsegn om løyve etter denne forskrifta ikkje inneber noko godkjenning på lokalitetsnivå.

For å sikre at løyva som vert tildelt bidrar til ei meir miljøvennleg drift, er det sett minimumskriterium som må oppfyllest for å få tildelt eit løyve. Desse kriteria kjem fram av § 11 tredje ledd, og minst eit av dei to kriteria må oppfyllest, jf. ordet ”eller” mellom tredje ledd bokstav a og b.

Lokalisering av eit oppdrettsanlegg har utvilsamt verknad på både lakselus og rømming. Til dømes kan plassering av eit anlegg langt til havs gjere det mindre sannsynlig for at ein rømt oppdrettsfisk finn ei elv å symje opp i, og vil også gjere

utvandrande laksesmolt mindre påverka av lakselus. Men føremålet med denne tildelingsrunden er å stimulere til utvikling og implementering av ny teknologi og nye produksjonsløysingar. Lokalisering vil difor ikkje være eit kriterium.

Tildelingsmyndigheita vil heller ikkje vurdere forhold som vert vurdert under lokalitetsklareringa, til dømes plassering av anlegg med omsyn til vandringsruter for villfisk, smitterisiko mv.

Som det går fram av § 10 i forslaget vil det bli sett vilkår til søknaden, som reflekterer grunnlaget søknaden vann fram på. Manglande etterleving av vilkåra kan føre til reaksjonar og sanksjonar etter akvakulturlova kapittel VII. Brot på vilkåra kan etter omstenda også medføre tilbaketrekking av løyvet, jf. forslaget til forskrift § 18.

Departementet ber særskilt om høyringinstansane sitt syn på utforminga av kriteria.

### 5.3.2 Nærmare om kriterium 1 – Rømming

Kriteriet går fram av § 11 tredje ledd bokstav a, og inneber at løysinga som søkjar forpliktar seg til å bruke gir ein redusert risiko, samanlikna med løysingar i vanleg kommersiell bruk, for påverknad på ville bestander av laksefisk som følgje av rømming.

Redusert risiko for påverknad på vill laksefisk som følgje av rømming kan oppnåast ved at:

- Anlegget er konstruert på ein måte som resulterer i at moglegheita for rømming er lågare enn ved dagens typiske oppdrettsanlegg.
- Fisken i anlegget har slike eigenskaper at dersom rømming likevel skulle hende vil konsekvensane av dette vere mindre enn ved rømming frå dagens typiske oppdrettsanlegg.

Kriteriet er teknologinøytralt. Det tyder at løysingar som reduserer påverknaden på ville bestandar av laksefisk i form av utstyr o.a. utanfor lokaliteten (til dømes fiskefeller i nærliggjande vassdrag) ikkje vil vere kvalifiserande, jf. setninga i forskrifta § 8 tredje ledd bokstav a om at "løysinga skal vere knytt til akvakulturanlegget eller biomassen i anlegget". Det er opp til søkjar å foreslå tiltak som gir ein redusert risiko for påverknad på ville bestandar av laksefisk som følgje av rømming. Søkjar må leggje fram dokumentasjon på at dei foreslåtte løysingane faktisk inneber ein redusert risiko for slik påverknad.

Den reduserte risikoen skal vere markert (av ei viss trinnhøgde) samanlikna med dagens løysingar. Heilt marginale fordelar samanlikna med vanlege brukte løysingar vil ikkje bli godtekne av tildelingsmyndigheita. Departementet viser i denne samanhengen til kriteriet om lus, der det er foreslått eit konkret effektal, som kan samanliknast med krava stilt i forskrift 5. desember 2012 nr. 1140 om bekjempelse av lakselus i akvakulturanlegg. Forholdet mellom krava her gir ei viss rettleiing om kva trinnhøgde som er påkrevd. Departementet innser at konkret talfesting av redusert risiko i denne

samanhengen kan vere utfordrande. Søkjar skal likevel, basert på den dokumentasjonen som er vedlagt, freiste å anslå redusert risiko for rømming, eller redusert skadepotensial dersom rømming skjer, ved bruk av løysinga si samanlikna med dagens typiske oppdrettsanlegg.

Frå styresmaktene si side er det utfordrande å stille konkrete krav utan å leggje føringar for teknologival. Eit krav om at eksempelvis brotstyrke i not skal vere X % over dei krava som finst i NS 9415 føreset at den foreslåtte løysinga inneber bruk av komponenten not. Strengare krav til tolt bølgehøgde og straumfart føreset at anlegget ligg i sjøen og ikkje på land osv.

I kva grad søkjar si løysing inneber redusert risiko for rømming vil difor vere gjenstand for ei skjønsmessig vurdering av tildelingsmyndigheita.

Departementet vil nedanfor gi nokre eksempel (ikkje uttømmende) på løysingar som avhengig av innretning kan tenkjast å tilfredsstille minimumskravet i kriteriet om tiltak for å redusere moglegheita for og konsekvensane av rømming:

- Løysingar som overgår dei krava som vert stilt i NS9415 (for eksempel med tanke på brotstyrke til not og/eller bølge- og straumpåverknad på konstruksjonen)
- Redusere/eliminere moglegheita for gnag på not.
- Bruk av doble barrierar for sikring av fisken
- Ekstra sikring under operasjonar med handtering av fisk. (Dersom menneskeleg- eller rutinesvikt vil eit back-up system likevel forhindre fisk i å rømme.)
- Løysingar for betre kontroll/overvaking av nøter/merdar for å forhindre rømming
- Fisken i anlegget har slike eigenskapar at dersom rømming likevel skulle skje, vil konsekvensane av dette vere mindre enn ved rømming av ein "ordinær" oppdrettsfisk.

### 5.3.3 Nærmare om kriterium 2 - utslepp av lakselus

Departementet har her valt å sette eit konkret effektkrav for lakselusutslepp til det omkringliggjande miljø, men også gitt et alternativt krav – om påslag av lakselus på oppdrettsfisken. For tildeling av løyve må den teknologiske eller driftsmessige løysinga som søkjar skal nytte sikre at utsleppa av lakselus (*Lepeophtheirus salmonis*) frå biomassen i anlegget til det omkringliggjande miljø ikkje er større enn utsleppet ville vore frå tilsvarende biomasse dersom fisken i gjennomsnitt hadde eit lusenivå på 0,25 vaksne holus. Alternativt skal løysinga sikre at det til ei kvar tid er færre enn 0,25

vaksne holus av lakselus i gjennomsnitt per fisk, jf. forskrift 5. desember 2012 nr. 1140 om bekjempelse av lakselus i akvakulturanlegg § 6. Etter nemnte forskrift er kravet eit gjennomsnittleg nivå på 0,5 vaksne holus pr. fisk. Kravet for å få eit grønt løyve er difor ei klar innstramming jamstilt med gjeldande regelverk.

Grensa for utslepp eller påslag av lakselus skal kunne overhaldast ved bruk av maksimalt 3 medikamentelle behandlingar per produksjonssyklus. Formålet er å sikre at det er dei driftsmessige eller teknologiske løysingane som sørgjer for at lusenivået vert halde lågt, ikkje kjemiske midlar. Auka bruk av medikamentell behandling fremjar også resistens mot lusemidlane som i dag er godkjent, og er diforuheldig på sikt.

Utover effektkravet er kriteriet teknologinøytralt. Det er difor opp til søkjar å foreslå tiltak som bevisleg sikrar eit luseutslepp innanfor de grenser som er sette, men det kan vere grunn til å presisere at også tiltak som hindrar lusepåslag kan vurderast som relevante.

I kva grad søkjars løysing sikrar eit luseutslepp som er innanfor dei gitte grenser vil vere gjenstand for ei skjønsmessig vurdering av fagrappa.

#### 5.3.4 Prioritering av søkjarar

Dersom det er fleire søknader som tilfredsstillar minimumskriteria enn tilgjengelege løyve, vil den som er best etter ei *samla vurdering av kriteria* (lus og rømming) vinne fram, jf. forslaget til fjerde ledd. Avgjerande er då kva løysingar som har størst potensial for samla miljøforbetring ut frå kriteria.

Vurderinga av miljøpotensialet skal skje etter ei vurdering av kva løysingar som samla sett, med omsyn til lus og rømming, er best eigna til å redusere havbruksnæringa sine miljøutfordringar. Det er ikkje mogeleg å avgrense vurderinga geografisk etter kva miljøutfordringar som særleg gjer seg gjeldande i for eksempel nærmiljøa til søkjaren. Vurderingar knytta til lokalmiljø vil likevel komme inn ved spørsmålet om lokalitetsklarering. Krava til desse vurderingane kan ikkje lempast.

Departementet har heller ikkje vekta dei to miljøutfordringane, då dei begge er rekna som viktige å løyse. For begge kriteria vil departementet presisere at det blir ikkje godteke løysingar som reelt sett inneber ei mindre god løysing for miljøet samanlikna med dei løysingane som blir brukte i vanleg kommersiell drift. Dette sjølv om løysinga isolert sett inneber forbetringar på eitt av områda lus eller rømming. Eit eksempel på ei løysing som ikkje vil bli godkjent er ein ny type anlegg som hindrar utslepp av lus, men som samtidig er så mangelfullt konstruert at risikoen for havari er stor.

Det går vidare fram av føresegna at det også skal leggjast vekt på om det mogeleg å kontrollere og føre tilsyn med at den løysinga som søkjar forpliktar seg til å bruke verkar etter føremålet. Søkjar skal etter § 5 bokstav b skildre korleis dette kan gjerast,

og det vil for tildelingsmyndigheita vere mogeleg å stille vilkår i løyve for å forplikte søkjar på dette punkt. Dette gjeld særleg der søkjar legg opp til meir spesielle kontrollregime, til dømes kontroll av rømming gjennom merking av fisk. I kva grad det kan førast tilsyn og kontroll betyr likevel mindre i den samla vurderinga enn det samla potensialet løysinga har for miljøforbetring.

Av fjerde ledd går det fram at det i vurderinga etter tredje og fjerde ledd skal leggjast vekt på graden av sannsyn og dokumentasjon. Verifiserte test- og forskingsresultat eller anna verifiserbar dokumentasjon frå praktisk drift vil vere vesentleg. Tildelingsrunden er i utgangspunktet ikkje oppretta for å tilgodesjå heilt eksperimentelle løysingar. Dette heng mellom anna saman med behovet for dokumentasjon for at den teknologiske eller driftsmessige løysinga lar seg realisere. Det er opp til søkjar å dokumentere påstått effekt. Vi minner i denne samanheng om at det er mogleg å søke om FoU-konsesjon.

## **6. TILDELING AV LØYVE ETTER LUKKA BODRUNDE**

### **6.1 Innleiing**

Det går fram av forskrifta § 3 at for gruppe B (open gruppe med lukka bodrunde) gjeld kapittel I, III og V. Av § 12 går det fram at det skal tildelast inntil 15 løyve etter ein lukka bodrunde med prekvalifisering. Prekvalifisering betyr at departementet vil stille minimumskrav som søkjaren må oppfylle for å få delta i bodrunden. Minimumskrava er dei same som ved tildeling av løyve i Troms og Finnmark. Lukka bodrunde betyr at kvar deltakar i bodrunden berre kan levere eit bod, og deltakaren veit ikkje om kva for andre bod som er gitt. Dette i motsetning til auksjon, der deltakarar kjenner kvarande sine bod. Løyva kan tildelast i heile landet.

### **6.2 Gjennomføring av konkurransen**

For å delta i konkurransen om løyva i gruppe B, skal søkjar sende inn ein søknad. Krav til søknaden går fram av § 5 i forskrifta, som er nærmare skildra ovanfor. I tillegg til krava i § 5 er det i § 13 meldt nokre særskilde krav for søknader i denne gruppa. Dette skuldast formen for tildeling, som for denne gruppa er lukka bodrunde.

Etter § 13 fyrste ledd vert det stilt krav om at søknaden vert sendt med brev. Det inneber at søknaden ikkje kan sendast elektronisk, per faks, bli levert ved personleg oppmøte eller liknande. Einaste gyldige sendemåte er brev. Bakgrunnen for dette kravet er at bodet skal leverast i ein lukka konvolutt, lagt i konvolutten med søknaden. Konvolutten med bodet vil, under vurderinga av om kriterier for prekvalifisering er oppfylt, bli lagt til side, og vil fyrst verte opna når det er klart kven som er prekvalifisert. Departementet tilrår at brevet vert sendt rekommandert, slik at det er klart om fristen for å søkje er overhalden.

Vilkåra for prekvalifisering er dei same som minimumskriteria for tildeling av løyve i Troms og Finnmark. Desse vilkåra er nærmare skildra i pkt. 5 ovanfor. For søkjar betyr dette at det må skrivast ein utfyllande søknad som dokumenterer at minimumskrava er oppfylte. Av forskrifta § 14 tredje ledd går det fram at faggruppa skal treffe vedtak om kven som er prekvalifisert, og gi avslag på dei søknadane som ikkje tilfredsstillar vilkåra. Etter forvaltingslova § 29 er fristen for å klage 3 veker frå det tidspunkt beskjed om vedtaket er kome fram til vedkomande part. Skjer underretninga ved offentleg kunngjering, byrjar klagefristen å springe frå den dagen vedtaket fyrste gong blei kunngjort. Etter at eventuelle klagar er kome inn, vil faggruppa oppheve eller endre vedtaket dersom den finn klagen velgrunna, jf. fvl. § 33 andre ledd. Dersom vedtaket vert oppretthalde skal saka førebuast og sendast departementet som klageinstans så snart som mogleg, jf. fjerde ledd.

Departementet vil deretter avgjere eventuelle klagar før faggruppa opnar boda. I ein lukka bodrunde er det berre mogeleg å gi eitt bod pr. løyve, og dette bodet kan ikkje endrast etter søknadsfristen, jf. § 4 fyrste ledd bokstav c. Boda vil bli opna i eit internt møte i faggruppa og rangering av bod med same pålydande skjer ved lutkast.

Etter § 8 anna ledd skal vederlaget betalast 30 dagar etter at endeleg tilsegn er motteke av søkjar. Dette skjer etter at eventuelle klagar er ferdig handsama i forvaltinga.

## **7. GRUPPE C – OPEN GRUPPE**

### **7.1 Innleiing**

Det går fram av § 15 fyrste ledd at faggruppa kan tildele inntil 10 løyve uavhengig av fylke eller region. Løyva kan soleis tildelast i heile landet.

Dersom løyvet skal tildelast i Troms eller Finnmark vil løyvet avgrensast til 945 tonn MTB, medan løyvet ved tildeling i resten av landet vil avgrensast til 780 tonn MTB.

Desse løyva skal tildelast på same vis som løyva i Troms og Finnmark, men kriteria i denne gruppa er strengare med omsyn til miljøet. Til gjengjeld krev ikkje tildeling av løyve innløyving av eit noverande løyve, jf. forslaget § 17 fjerde ledd. Denne gruppa er såleis open for alle søkjarar, også dei som i dag ikkje allereie har eit løyve.

### **7.2 Kriteria**

Det er eit krav for å få innvilga eit løyve, også i denne gruppa, at visse kriterium vert oppfylte. Kriteria går fram av § 15 anna ledd og er alternative. Om den samla vurderinga og prioriteringa mellom søkjarar viser vi til punkt 5.3 ovanfor.



### 7.2.1 Nærare om kriterium 1 – Rømming

Som det går fram av § 15 anna ledd bokstav a er det, når det gjeld påverknad med omsyn til rømmingar, eit krav om at løysinga er *vesentleg* betre enn løysingar som er i vanleg kommersiell bruk.

I ordet "vesentleg" ligg at løysinga gir monaleg mindre risiko samanlikna med løysingar som er i vanleg kommersiell bruk. Vesentleg redusert risiko for rømming kan oppnåast ved at:

- Anlegget er konstruert på ein måte som resulterer i at sannsynlegheita for rømming er vesentleg lågare enn ved dagens typiske oppdrettsanlegg.
- Fisken i anlegget har slike eigenskaper at dersom rømming likevel skulle hende vil konsekvensen av dette vere vesentleg lågare enn ved rømming frå dagens typiske oppdrettsanlegg.

Departementet vil nedanfor gi nokre få eksempel (ikkje uttømmende) på løysingar som avhengig av innretning kan tenkjast å tilfredsstille minimumskravet i kriteriet om tiltak for å vesentleg redusere moglegheita for eller konsekvensane av rømming:

- landbaserte anlegg
- steril fisk (dette krev at det kan godtgjerast at drifta er forsvarleg ut frå omsynet til fiskehelse- og velferd)

Elles viser vi til skildringa i pkt. 5.3.2.

### 7.2.2 Nærare om kriterium 2 - utslepp av lakselus

Kriteriet går fram av § 15 anna ledd bokstav b. Departementet har her valt å setje eit konkret effektkrav for lakselusutslepp til det omkringliggjande miljø, men har også gitt eit alternativt krav – om påslag av lakselus på oppdrettsfisken. For tildeling av løyve må den teknologiske eller driftsmessige løysinga som søkjar skal nytte sikre at utsleppa av lakselus (*Lepeophtheirus salmonis*) frå biomassen i anlegget til det omkringliggjande miljøet ikkje er større enn utsleppet ville ha vore frå tilsvarande biomasse dersom fisken i gjennomsnitt hadde eit lusenivå på 0,1 vaksne holus, jf. forskrift 5. desember 2012 nr. 1140 om bekjempelse av lakselus i akvakulturanlegg § 6. Alternativt skal løysinga sikre at det til ei kvar tid er færre enn 0,1 vaksne holus av lakselus i gjennomsnitt per fisk, jf. forskrift 5. desember 2012 nr. 1140 om bekjempelse av lakselus i akvakulturanlegg § 6. Etter nemnte forskrift er kravet eit gjennomsnittleg nivå på 0,5 vaksne holus pr. fisk. Kravet for å få eit grønt løyve i denne gruppa er difor ei vesentleg innstramming jamstelt med gjeldande regelverk.

Grensa for utslepp eller påslag av lakselus skal kunne overhaldast ved bruk av maksimalt 3 medikamentelle behandlingar per produksjonssyklus. Formålet er å sikre at det er dei driftsmessige eller teknologiske løysingane som sørgjer for at lusenivået

vert haldte lågt, og ikkje kjemiske midlar. Auka bruk av medikamentell behandling fremjar også resistens mot lusemidlane som i dag er godkjent, og er uheldig på sikt.

Utover effektkravet er kriteriet teknologinøytralt. Det er difor opp til sækjar å foreslå tiltak som bevisleg sikrar eit luseutslepp innanfor dei grensene som er sett, men det kan vere grunn til å presisere at også tiltak som hindrar lusepåslag kan vurderast som relevante.

I kva grad sækjar si løysing sikrar eit luseutslepp som er innanfor dei gitte grensene vil være gjenstand for ei skjønsmessig vurdering av faggruppa.

## **8. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR**

Inntektene for løyva er lagt inn i statsbudsjettet for 2013, jf. Prop. S. nr. 1 (2012-2013) Tillegg nr. 2 med 450 millionar kroner. Dei 30 løyva til fast pris vil gi inntekter på 300 millionar kroner, medan det er meir usikkert kva pris som vert oppnådd for dei resterande løyva i lukka bod.

Når det gjeld fordelinga av inntektene frå tildelinga vert det fremma forslag om å løyve 4 millionar per løyve til aktuelle fylkeskommunar over kap. 1050, ny post 60. Midlane vert utbetalt etter talet på nye løyve som vert tildelt i dei enkelte fylka der løyva vert etablert.

Forslaget vil føre til kostnader for Fiskeridirektoratet, som skal stille sekretariat og andre tenester til rådvelde for faggruppa. Vidare vil det vere kostnader knytte til honorar o.a. for gruppa sine medlemmer. Departementet legg til grunn at desse kostnadane til saman, grovt vurdert, inneber ein kostnad på opptil 5 millionar kroner, og vi tek sikte på, gjennom tilleggsbevillingar, å dekkje kostnadane til faggruppa. Vidare vil forslaget, ved lokalitetsklareringane, gi ei auka saksbehandlingsbyrde hos fylkeskommunane, men også hos andre offentlege etatar som dette vedkjem så som Mattilsynet, Kystverket, miljøavdelinga hos Fylkesmannen og hos kommunar som sakene vedkjem. For desse etatane er det ein føresetnad at kostnadene vert dekte innanfor dei tildelte rammene.

For næringslivet vil dei økonomiske og administrative konsekvensane vere knytt til arbeid med søknad og betaling av vederlag og ulike gebyr til det offentlege.

Høringsbrevet med vedlegg er også tilgjengelig på internett [www.regjeringen.no/fkd](http://www.regjeringen.no/fkd) under saker på høyring.

Med helsing

Vidar Jarle Landmark  
ekspedisjonssjef

Martin Bryde  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevne signaturer*